# Referat

## Underutval for rehabilitering

| | |
|---|---|
| **Dato og tidspunkt:** | *08.9.2021 kl. 13.00-14.00* |
| **Møtestad:** | *Digitalt møte* |
| **Møteleiar:** | *Britt Madli Manger* |
| **Til stade:** | Aina Samnøy- Ulvik, , Susanne Villanger Rolland- Vaksdal, Britt Madli Manger- Voss sjukehus, Helge Kvåle- SAFO, Hilde Ystanes- Kvam |
| **Fråfall utan vara:** | Kjellfrid Skutlaberg- FFO, Sigrid Denver-Voss DPS, John Haavardsholm- Voss |
| **Referent:** | Kari Helland Bu |

| **Nr.** | **Saksliste** | **Sakstype** ***(Vedtak Drøfting Orientering)*** | **Vedlegg** | **Ansvar** |
|---|---|---|---|---|
| 15/21 | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br><br>Godkjent utan kommentar | V | | |
| 16/21 | **Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 05.05.21**<br><br>Godkjent utan kommentar | V | 1 | |
| 03/21 | **Lokalsjukehuskonferansen, vidare plan**<br>Leiinga ved Voss sjukehus meier at november er for tidleg, usikkerheit med korleis smittesituasjonen er spesielt med tanke på sjuke barn. Hotellet osv må avbestillast 1 ½ månad før konferansen, elles må ein betala, og sett i lys av tapet på forrige konferanse ynskjer ein ikkje eit nytt tap.<br>Leiinga ved Voss sjukehus ynskte heller ikkje digital konferanse fordi det er nettverksfunksjonen som er viktigast og at det er enten eller. No hoppar me over 2021 og set ny dato til 15.mars 2022. | D | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Hotellet er ledig. Ein har også hatt kontakt med førelesarar om nytt tidspunkt og dei ein har avtale med kan i alle fall vera med.<br>Angåande konferansen i mars, må «februarmøte» haldast i januar, med tanke på avbestillingsfrist 29.januar. | | | |
| 05/21 | **Leiarfunksjon i rehabutvalet** Leiinga på sjukehuset ynskjer ei rullering av leiarverv i rehabiliteringsutvalet. Underutvalet beslutta å ha val av ny leiar i desember. | V | | |
| 17/21 | **Digital samhandling**<br>Utgangspunktet for diskusjonen:<br>Ein ynskjer å jobbe vidare med digitalt samarbeid når det gjeld overføring av pasientar frå sjukehus til kommunane. Mål om opplevd betre overgangar både for pasientar, pårørande, sjukehus og kommunane.<br><br>Referat:<br>Fleire eller alle kommunane har hatt digitale møter med Nordåstunet – tverrfagleg i meir komplekse pasient situasjonar<br><br>Her snakkar me vel meir om digitale møter før heimreise frå sjukehus for å trygge pasient, dei er no i ein ny situasjon og er utrygge for dei ikkje veit kva kommunen kan stille opp med.<br><br>Det bør gjerast så enkelt som mogleg slik at det vert brukt.<br><br>Dette må truleg gå gjennom norsk helsenett.<br>Kvam kunne kanskje ta med IT på neste møte for å seia noko om korleis dette kan gjerast….<br><br>Laga til eit miniprosjekt på dett? | D | | |
| 18/21 | **Orientering frå partane om pågåande, eller planlagde prosessar, samarbeidstiltak, eller anna**<br><br>Kvam: Fys/ergo plan som skal rullerast til våren. Spennande.<br><br>Voss sjukehus: Slagprosjektet er ferdig i desse dagar. Ser at dei har hatt eit problem med pasientar som har blitt lagt på andre avd (av ulike grunnar). Standard prosedyrar på slageininga har ikkje vore så god på andre avdelingar, jobbar med den saka. | O | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Vaksdal: Har no valt å samla sine småtenester (1 eller 2 tilsette) til ei ny avdeling:<br><br>Tverrfagleg helse<br>• Ergo/fysio<br>• Legekontor<br>• Psykolog<br>• Helsestasjon<br>• Psykisk helse og rus<br><br>SAFO: Helge hadde problem med mikrofonen og skreiv i mail etter møte:<br>Sist møte i januar. Og etter dette har det ikkje vert nokon aktivitet. Men i morgon den 9. skal vi ha eit styremøte i Bergen. Då håper eg vi får ein aktiv høst. | | | |
| 19/21 | Eventuelt:<br><br>Fysiske eller digitale møter i framtida. Både og? Annan kvar gong? | O | | |